



RENNESØY KOMMUNE

Oppvekst og læring

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I RENNESØY KOMMUNE

Gjeld frå 01.08.2014 . Revidert januar 2017.

1. Lov og retningslinjer

Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med § 13 – 7 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa med tilhøyrande forskrift, vedtatte kommunale retningslinjer og dei reglane som gjeld tildeling av statstilskot.

Utdrag frå § 13 – 7 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa:

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

Areala både ute og inne skal vere eigna for formålet.

Vedtektene skal etter lova omhandla:

- a. eigarforhold
- b. bemanning og leiing
- c. dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- d. opptakskriterium
- e. opptaksinstans
- f. opptaksperiode og oppseiing
- g. foreldrebetaling
- h. leike- og opphaldsareal

2. Eigarforhold

Rennesøy kommune eig og driv skulefritidsordninga.

3. Føremål

SFO er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den vanlege obligatoriske skuledagen for barn i 1. - 4. klasse og for funksjonshemma barn i 1. - 7. klasse.

4. Leiing og ansvar

SFO vert lokalisert til skulen.

Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret for SFO på sin skule.

SFO skal ha eigen dagleg leiar på den skulen der tilbodet vert gitt.

5. Bemanning

SFO skal i tillegg til dagleg leiar, ha barne- og ungdomsarbeidarar / assistentar.

Generell bemanningsnorm skal vera 1 vaksen på 14 barn.

I tillegg kjem ressursar til barn med spesielle behov.

Totalbemanninga kan justerast etter behov, m.a. knytta til barna sin alder, gruppesamansetjing og funksjonsnivå.

I skulen sine feriar, må grunnbemanninga vera 2 vaksne på 14 barn.

Postadresse	E-mailadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks
Postboks 24 4159 RENNESØY	post@rennesoy.kommune.no	Asalveien 6, Vikevåg RENNESØY	51 72 02 00	51 72 02 50

6. Opphalds- og opningstid

SFO gjev tilbod:

Alle skuledagar, 190 dagar - følgjer skuleruta.

Alle skuledagar og feriar, 224 dagar

Opningstid 07.00 – 16.30

SFO har ope til kl. 12 onsdag før skjærtorsdag og har stengd julafta og nyttårsafta. SFO er stengd på skulane sine planleggingsdagar og i 4 veker i juli månad.

7. Leike- og oppholdsareal

Leike- og oppholdsareala skal vera tilpassa dei aktivitetane som skal drivast. SFO skal ha minst 4 kvm. netto leike- og oppholdsareal pr. barn.

8. Opptakskriterier

Dersom det ikkje er plass for alle søkjarar, skal desse prioriterast:

- Barn i 1. og 2. klasse
- Barn som blir tilrådd plass av sosiale/medisinske institusjonar eller kommunehelsetenesta.
- Barn i familiar med særskilde behov.

Barn som vert tilrådd plass eller barn i familiar med særskilde behov, må dokumentere dette.

9. Opptak

Søknad om opptak i SFO skjer elektronisk i søkjarportal på kommunens heimeside etter nærare kunngjering.

Rektorane er opptaksansvarlege saman med kommunalsjef for Oppvekst og Læring. Opptaket gjeld til barnet går ut av 4. klasse og for funksjonshemma barn 7. klasse.

10. Oppseiing av plass

Ønskjer eit barn å slutta eller redusera plass i SFO, må plassen seiast opp skriftleg med 3 månaders varsel, gjeldande frå den 1. i påfølgjande månad. Dette gjer ein på nettsida i søkjarportalen. Frå 1. april til og med 15. juli, kan ikkje plassen seiast opp for annan grunn enn flytting frå kommunen. Vert plassen likevel sagt opp, må foreldrebetalinga halda fram ut skuleåret.

11. Klage

I følgje forvaltningslova § 28 kan vedtaket påklagast.

Klagefrist er 3 veker frå den dag brevet kom til den påførte adressa.

Skriftleg klage må vere postlagt innan fristen går ut.

Eventuell klage skal sendast rektor.

Kommunen si klagenemnd er klageinstans.

12. Foreldrebetaling

Tid	Storleik	Kostnad per månad* (indeksregulert kvart år)	Kostnad per månad m/ferie* (indeksregulert kvart år)
Fem dagar med morgon	100 %	kr 2625,-	kr 3405,-
Fem dager utan morgon	65 %	kr 1705,-	kr 2485,-
Tre dager med morgon	65 %	kr 1705,-	kr 2485,-
Tre dager utan morgon	40 %	kr 1050,-	kr 1830,-

*Kostpengar kjem i tillegg

Foreldrebetaling skal betalast forskotsvis kvar månad.

Det vert gitt 40 % søskenmoderasjon frå og med 2. barnet i SFO.

Det kan søkjast om redusert betaling med bakgrunn i låg betalingsevne. Under 3G i folketrygda gjev, etter søknad, rett til friplass. Inntekt mellom 3G og 4G gjev rett til halv betaling. Manglande betaling for SFO i meir enn 3 månader medfører oppseiing av plass med 14 dagars varsel. Kommunestyret vedtek satsane for eitt år om gongen, til vanleg ved den årlege budsjetthandsaminga.

13. Skyss

Det er foreldra som har ansvaret for skyss til og frå SFO.

14. Forsikring

Forsikringsordningar som gjeld elevane i skuletida, gjeld og i SFO.

Vedtak i KOO, 05.03.2014.